



# ØyNytt

Nummer 2  
Juni 2023  
50. årgang

Informasjon for Hjelme og Blomvåg sokn



## 8 Nytt ungdomsteam!



4 Siste ØyNytt

6 50-årskonfirmantjubilantar

7 Kyrkjevalet 2023

9 Gjevarteneste

14 Småprat med noko attåt

## 10 Gratulerer til alle konfirmantane!





## Namne- konkurranse

Du kan vere med å bestemme kva det nye felles kyrkjebladet for Øygarden skal heite!

- Namnet skal bestå av eitt ord
- Bør vere lett å skrive, lese og uttale

Send forslag på nytt namn saman med ei lita forklaring på mail til [ys487@kyrkja.no](mailto:ys487@kyrkja.no) med "Namneforslag" i emnefeltet. Frist: 10. august. Signer med fullt namn.

Den nye redaksjonen vil avgjere vinnarnamn. Vinnaren får to billetter til ein av julekonsertane i kyrkjene i Øygarden 2023!

## Årsmelding 2022



Les årsmeldinga til Hjelme og Blomvåg sokn på nettsida vår [kyrkja.no/hjelmeogblomvåg](http://kyrkja.no/hjelmeogblomvåg)



## LEIAR

Annlaug Børve  
Kyrkjeverje



### Kjære lesar!

Du held no det aller siste nummeret av ØyNytt i hendene. Gjennom nesten 50 år har målet med dette bladet vore å informere og å skape engasjement og tilhørslse, og vi håpar at vi har lukkast med dette. Tidlegare redaktør Olav Martin Vik skriv i dette bladet litt om ØyNytt opp gjennom tidene.

Etter samanslåinga til ein felles kommune, har vi likevel erkjent at tida er komen for å lage eit nytt felles kyrkjeblad som er relevant for lesarar i heile Øygarden. Det nye bladet skal presentere stoff frå alle kyrkjelydane, og det vil framleis vere eit mål å skape engasjement og tilhørslse lokalt. Det nye bladet vil difor verte fylldigare enn ØyNytt, og redaksjonen vil verte sett saman av ein person frå kvart av sokna.

Samtidig håpar vi at det nye bladet vil skape fellesskapskjensle på tvers av soknegrensene. Vi trur mange vil verte overraska over kor mykje som skjer i kyrkja i Øygarden, og håpar fleire vil finne vegen til konsertar og andre arrangement som skjer i eit anna sokn enn det ein hører til.

Namnet på det nye bladet er enno ikkje bestemt, og vi håpar du vil delta i namnekonkurransen!

Med dette takkar vi for følgjet i ØyNytt, og ønskjer deg velkomen som lesar av eit nytt felles kyrkjeblad for heile Øygarden til hausten!

## En ferie å glede seg til



Trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig




 **Blå Kors**

Gi din gave  
på **vipps 13130**



## Andletet gjer skilnaden



I familien min blir eg skulda for å vera dårleg til å ta bilete. Dei har nok rett, ettersom mange bilete ikkje har med heile andlet. Nokre gonger er dei kutta av oppe, andre gonger nede. Iblant er dei også uskarpe, trass autofunksjon på kamera.

Det er andleta våre som gjer oss gjenkjennelege. Eit bilete utan andlet kan vera av kven som helst. I andletet kan vi lesa om ein person er glad eller bedrøva. Eit andlet seier meir enn tusen ord. Om blick kunne drepe heiter det i eit anna uttrykk. Det er himmelvid forskjell på eit godt og eit vondt blick.

Kva slags andlet ser du for deg at Gud har? Nokon har eit strengt og hardt andlet på Gud. Andre har eit bilete av Gud som gjennom åra har vorte uklårt slik som bilete kan falme. Andre igjen har eit trygt og godt andlet på Gud, der er det varme og omsorg.

Eg trur vi gjennom heile livet treng å justere bilete vårt av Gud. Her kan velsigninga Moses fekk av Gud hjelpe oss. Her er det ord vi kan krype inn i og finne fred for sjela. Og har du lagt merke til at velsigninga handlar

om andlet? «Herre velsigne deg og vare deg, Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred» (4. Mos. 6, 24-26).

I tidlegare tider kunne blick skilja mellom liv og død. Om ein dødsdømt fange vart ført fram til kongen, var det spenning i lufta. Held kongen blikket nede, var fangen framleis dømd, men heva kongen blikket betydde det frifinning og fridom.

Guds blick mot oss er godt. Vi er ikkje diffuse eller uskarpe for Gud. Han lyfter andletet med nåde og fridom. Finn ein stol, sett deg godt til rette og prøv å sjå for deg Guds nådige og kjærlege blick på deg nett no. Hans åsyn gjev fred!

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

**Første nummer av det nye bladet kjem ut:**

1. september

Redaksjonen vert avslutta tre veker før.



**ØyNytt**

– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

**Utgjevar:** Hjelme og Blomvåg sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** RKGrafisk



**Kontingent:** Kr 300 i Hjelme og Blomvåg sokn / kr 350 utanfor Hjelme og Blomvåg

**Takkeannonsar:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no

**Bankkontonummer:** 1503.84.37590 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2600 pr. nummer.



**DEN NORSKE KYRKJA**

Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Telefon:** 400 03 316

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Besøksadresse:** Øygarden kyrjekontor, Temahuset på Straume

**Postadresse:** Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:**  HjelmeogBlomvagSokn

**Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:**

Espen Sigve Tveten  
**E-post:** et838@kyrkja.no  
**Telefon:** 91 61 78 00

**Leiar i soknerådet:**

Erling Vik  
**E-post:** erl-vik@online.no

**Kyrkjeverje:**

Annlaug Børve  
**E-post:** ab766@kyrkja.no  
**Telefon:** 473 04 530

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 976 995 430

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen** Vipps #699755

# Dette er siste nummeret av ØyNytt

Entusiasme, målretta arbeid og mange lesararar har gjort at bladet har levd godt i snart 50 år.

**Av: Olav Martin Vik, tidlegare kyrkjeverje og redaktør**

## Historia til ØyNytt starta i april 1974

Entusiastar og pådrivarar tok initiativet til å starte eit kyrkjeblad for det som den gong var Øygarden. Det er berre å slå fast at det var eit stort driv i dei kyrkjelege organa. Aktiviteten var like høg då som no. Me takkar for desse entusiastane. Me skulle gjerne nemnd alle med namn, alle dei som har medverka til det som me kan kalle ein suksess. Det vert naturleg nok ikkje plass til ei slik opplisting.

Den gong, som i dag, var bruene viktige for å binde saman kommunen. Ved omtalen av bladet i det første nummeret peika ein nettopp på bruene som igjen skulle peike på den viktigaste brua, nemleg Jesus Kristus. Han er brua mellom menneske og Gud. Utgjevar den gong var Øygarden soknerådsutval, eit samhandlingsorgan mellom sokneråda. Seinare vart sokneråda utgjevar.

Bladet skulle ha ein profil som ikkje berre omfatta kristenlivet i kommunen, men også andre samfunnsviktige saker. I det andre nummeret kunne ein til dømes lese om Kurs i «hjemmets sjukepleie». Kurset skulle vere i Hjelme i regi av Øygarden helselag. I eit

seinare nummer kunne ein lese om Blomvågelevar som lagar julefest for dei eldre. Me kan og lese om at det vart stifta eit eige Øygardslag i Bergen. Dei arbeidde for å skaffe midlar til Skjergardsheimen. Me tenkjer ofte at det skjer meir no enn før. ØyNytt dokumenterer at det var mange samfunnsbyggande aktivitetar, om ikkje meir, også i farne tider. Dette er berre nokre døme på spennvidda i innhaldet.

Bladet vart finansiert gjennom kontingent (som har vore frivillig) og annonseinntekter. Seinare har kyrkjeleg fellesråd løyvd pengar til bladet. Trykking og distribusjon har vore dei store utgiftene. Kontingenten ved oppstart i 1974 var kr. 15 pr. år.

Soknepresten var redaktør, men ein redaksjonskomité stod for innsamling av stoff. Dei første åra måtte tekstar og bilete leverast fysisk til trykkeriet. Seinare er alt digitalisert og kyrkje-kontoret har sjølv sett opp bladet før det vert sendt trykkeriet. Kyrkjeverja vart etter kvart redaktør for bladet.

Bladet er i sin 50. årgang og dette er siste nummeret slik me kjenner

bladet. Kommunesamanslåinga fører til endringar. Slik vert det også for ØyNytt. Det vert no eitt kyrkjeblad for heile kommunen, som har 5 sokn.

ØyNytt har endra utsjånad gjennom fleire revisjonar og fornying. Det starta i svart/kvitt og i A5 format. Seinare kom nokre sider i fargar og storleiken vart endra til A4. Så kom heile bladet i fargar og lay-out har vorte endra fleire gongar. Heile tida har ein fokusert på at innhaldet skulle ha kvalitet og vere lestlest. Gode bilete skulle illustrere tekstane.

ØyNytt har vore ein viktig informasjonskanal for Den norske kyrkja i Øygarden, men også kommunisert ut anna kristeleg arbeid i kommunen, både gjennom artiklar og annonsering. Øygarden kommune nytta også bladet med aktuell informasjon ut til innbyggjarane.

Mange lokale firma har hatt annonsar i bladet. Nokre har nesten vore med sidan starten. Også bedrifter utanfor kommunen har hatt annonsar i bladet. Me ønskjer å takke alle annonsørane. Inntektene frå annonsane har vore eit viktig bidrag for å finansiere bladet.





ØyNytt har endra seg mange gonger gjennom åra. Alle nummera har blitt samla i bokform på kyrkjekontoret på Rong.

ØyNytt har betydd mykje for mange i «gamle» Øygarden, men også for abonnentar utanfor kommunen. Her har ein kunna lesa om menneske og store og små hendingar. Andaktar og anna kristeleg stoff har prega bladet. Mangla bladet i postkassen har folk etterspurtdet.

Mange har bidratt til stoff, både personar internt i organisasjonen, men også personar på frivillig basis. Dette har ført til breidde på stoffet og kontinuitet i arbeidet med å skaffe

relevant stoff. I lengre tid kom bladet ut med 6 nummer og det var nesten eit kontinuerleg arbeid med å førebu neste nummer.

Me kunne trekt fram mange viktige bidragsytarar i høve ØyNytt. Det skal me ikkje gjere i denne artikkelen, men me vil likevel nemne Anders Vik, entusiasten som var med frå starten og nesten heilt fram til han døyddet i 2020. Han møtte i redaksjonsnemnda jamleg og hadde alltid mange tema på blokka si. Slik var det også siste gong

eg besøkte han heime nokre månadar før han døyddet.

Godt innhald og god kvalitet har kravd innsats frå mange, heilt frå starten og fram til i dag. ØyNytt har vore eit teamarbeid. Saman har me skapa eit godt kyrkjeblad. ØyNytt er no historie. Når du blar om til siste side i dette nummeret er det slutt. Takk også til deg som har lese bladet. Det var for deg det vart laga.

Takk til alle som gjorde ØyNytt til eit blad som mange sette pris på.



# Gratulerer til 50-årskonfirmantane!

Søndagane 30. april og 21. mai vart jubilantane  
invitert til gudsteneste og fest!

**Foto: Yngvild Mørner Sørheim**



## **Jubilantane i Hjelme**

*Bak frå venstre:* Ivar Johan Halvorsen,  
Kjell Åge Alvheim, Magnus Fjeldstad

*Framme frå venstre:* Torunn Karlsen,  
Anne Judith Odland Møvik, Inger  
Anlaug Sture Krogsrud, Bente Randi  
Fagerbakke, Torunn Marit Svellingen  
Tjong, Irene Sanden Flatholm, Randi  
Britt Svellingen



## **Jubilantane i Blomvåg**

*Bak frå venstre:* Bjørn Ove Sæle,  
Arild Toft, Karsten Mons Rong,  
Trygve Johannes Breivik

*Framme frå venstre:* Sissel Sæle, Reidun  
Hagelin, Mona Torsvik, Elaine Marie  
Sæther, Unni Pedersen, Åse Rong,  
Lillian Selstø



# Kyrkjevalet 2023

Det er kyrkjeval 11. september 2023. Medlemmer i Den norske kyrkja kan stemme ved kyrkjevalet frå det året dei fyller 15 år. Når du brukar stemma di, er du med på å forme kyrkja for framtida.

## Slik stemmer du fysisk og digitalt

I kyrkjevalet kan du førehandsstemme digitalt eller fysisk, eller du kan stemme fysisk på valdagen/valdagane.

Du kan førehandsstemme digitalt frå 10. august ved å gå inn på [kyrkjevalet.no](https://kyrkjevalet.no).

Du kan møte opp fysisk for å førehandsstemme i Øygarden på kyrkjekontoret på Straume (Temahuset - Tytebærbrekko 2, 5353 Straume) torsdagane 10., 17. og 24. august og 7. september kl. 09.30-14.30. Torsdag 31. august kan du førehandsstemme kl. 09.30-20.00.

Det blir òg sett opp førehandstemming på gudstenester i kyrkjene og ambulerande røysting tysdag til fredag siste veka før valet. Meir info om dette kjem på [kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet](https://kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet).

Det vert gitt ein nærare presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet i første nummer av det nye kyrkjebladet.

Informasjon om val til bispedømmerrådet kjem også i neste nummer, som kjem ut rett før kyrkjevalet.



### Digital førehandsstemming

Du kan førehandsstemme når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden eller besøk [kyrkjevalet.no](https://kyrkjevalet.no). Hugs at det er hemmeleg val!

## Nominasjonskomiteen sitt listeforslag til kyrkjevalet i 2023

Kandidatane i prioritert rekkefølge:

### Hjelme og Blomvåg sokn

1. Gisle Kårbø Rong, f. 1976
2. Therese Dale Gerhardsen, f. 1991
3. Erling Vik, f. 1956
4. Elise Irene Karlsen, f. 1994
5. Gustav-Magne Landro, f. 1968
6. Aina Hellesund, f. 1988
7. Steinar Konrad Blom, f. 1990
8. Martin Jonas Nakken, f. 1995
9. Katrine Dale Olsen, f. 1991
10. Anne Merete Flekstad Vik, f. 1964
11. Siv Helen Vik, f. 1987
12. Frode Toska Hjelme, f. 1981
13. Turid Toft Amenya, f. 1956
14. Råmund Skjold, f. 1967




Det nye teamet på avslutningsfest på Helgeland folkehøgskule. Frå venstre: Maria Solsvik, Ane Eriksen, Veronika Friborg og Mirjam Olsen.

## Nytt ungdomsteam!

Frå hausten kjem eit nytt ungdomsteam til å vere med i barne- og ungdomsarbeidet her! Fire jenter står klare til å vere med på leir på Skjergardsheimen, lage eit bra år for konfirmantane og mykje meir. Nokre hugsar kanskje at Hjelmeg og Blomvåg

hadde slike team tidlegare, men no er det seks år sidan sist. Vi gler oss over at eit ungdomsteam no er tilbake, denne gongen i samarbeid med Helgeland folkehøgskule i Mosjøen. Dei fire jentene er frå ulike stader i landet. Maria Solsvik er frå Blomvåg,

Ane Eriksen er frå Sola, Veronika Friborg er frå Førde og Mirjam Olsen er frå Karmøy. Alle dei fire har gått på Helgeland i år. Det komande året vil dei vere tilknytt leiarlinja på skulen og bruke mesteparten av tida si i praksis her hjå oss.



### LEIRAR HAUST SKJERGARDSHEIMEN

14. oktober: 1. klasse  
15. oktober: 2. klasse  
4.-5. november: 3. klasseleir  
8.-10. desember: 4. klasseleir

#### Påmelding:

[kyrkja.no/hjelmeogblomvag](http://kyrkja.no/hjelmeogblomvag)

### REFUEL

1. september  
15. september  
29. september  
13. oktober  
27. oktober  
10. november  
24. november  
8. desember  
15. desember:  
Julebord

Rong senter  
kl. 19.30–22.30

### KRIK

8. september  
6. oktober  
20. oktober  
3. november  
17. november  
1. desember  
15. desember:  
Julebord

Hjeltefjorden  
arena  
kl. 19.30–21.30

### GOSPELTEENS

29. august  
5. september  
19. september  
3. oktober  
17. oktober  
31. oktober  
14. november  
28. november

Blomvåg kyrkje  
kl. 18-20

### SMÅBARNSSONG

12. september  
26. september  
24. oktober  
7. november  
21. november

Blomvåg kyrkje  
kl. 17.30



# Bli med i gjevartenestekampanjen!

Til hausten satsar vi stort på barne- ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Fire ungdomar kjem i team til Hjelme og Blomvåg. Dei skal bu her eit år og skapar mykje liv og glede i folket. Dette gler vi oss over!

Men for å ha eit breitt og godt arbeid er det naudsynt med fleire faste gjevarar. Denne våren har vi hatt ein kampanje for å få fleire gjevarar. Ein ting er at kyrkjelyden treng slike frivillige gåver, ein annan ting er at ei fast gjevarteneste kan skapa inspirasjon og glede. Tenk alt du får vera ein viktig del av: leirane på Skjergardsheimen, søndagsskulen, konfirmantane, kora, teamet og mykje anna.

Tusen takk til dykk som har blitt med som gjevarar! De er svært verdfulle! Vi sette oss eit mål om 36 nye gjevarar. Til no har det kome 27. Vi er altså godt i gang, men framleis ikkje i mål. Difor er det framleis mogeleg å bli fast gjevar. Då kan du anten scanna qr-koden på biletet, gå inn på [kyrkja.no/hjelmeogblomvag](http://kyrkja.no/hjelmeogblomvag) eller ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 400 03 316 eller [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no).



Dåp

## Rom for ei ny byrjing

For påmelding og informasjon om dåp gå inn på [kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)

# Konfirmantane 2023

Kyrkjestaben i Hjelme og Blomvåg gratulerer alle konfirmantane våre og takkar for ei flott tid saman med dei!

**Foto Blomvåg kyrkje: Torgeir Sandøy Johannesen**  
**Foto frå Hjelme kyrkje: Matilde Solsvik**



## **Blomvåg kyrkje søndag 7. mai kl. 10.30**

**Bak frå venstre:** Hogne Berland,  
Espen Tveten

**Midten frå venstre:** Patrik Sæle Knarvik,  
Adrian Marthinussen, Anders Flåten,  
Petter Hamsund, Johanne Hatten

**Framme frå venstre:** Christoffer Johani  
Aune, Mathilda Stølsnes Hagenes,  
Noah Fagerholt, Martin Sæther



## **Blomvåg kyrkje søndag 7. mai kl. 13.00**

**Bak frå venstre:** Stefan Thorbjørnsen  
Rong, Sander Hjartøy Fjellstad,  
Espen Tveten, Hogne Berland,  
Johanne Hatten

**Midten frå venstre:** Leon Skibenes  
Turøy, Niklas Åsheim Giertsen, Aksel  
Vik, Robin Vindenes, Simen Johan Eide

**Framme frå venstre:** Amelie Kleppestø  
Thorbjørnsen, Hedda Blom Hellesund,  
Lennea Havås-Gunnarsen





## **Blomvåg kyrkje laurdag 13. mai kl. 10.30**

**Bak frå venstre:** Espen Tveten,  
Hogne Berland

**Midten frå venstre:** Johanne Hatten,  
Sondre Misje, Håvard Rong Sæle

**Framme frå venstre:** Tuva Kristin  
Wågen, Ann-Kristinn Dagestad,  
Milla Leonora Harkestad,  
Lilly Nicoline Kleppestø



## **Blomvåg kyrkje laurdag 13. mai kl. 13.00**

**Bak frå venstre:** Johanne Hatten,  
Andreas Hagenes Stenhjem,  
Espen Tveten, Hogne Berland,  
Marcus Grimeland-Rong,  
Michael André Knappskog Nicolaysen

**Midten frå venstre:** Eirik Sebastian  
Hellesøy Strand, Lucas Rong,  
Aron Oen-Blom, Max Martin Oen Risløw,  
Jack Leon Sæle

**Framme frå venstre:** Vilde Vik,  
Mathilde Rykke, Marie Torsvik Loga



## **Hjelme kyrkje laurdag 14. mai kl. 11.00**

**Bak frå venstre:** Espen Tveten,  
Hogne Berland

**Midten frå venstre:** John Kåre Sanden,  
Espen Buck, Adrian Solvang Berntsen,  
Jonas Solbakk Alvheim,  
Kris Nicholas Miller, Nikolai Myhre,  
Robin Marthinussen

**Framme frå venstre:** Marta-Elise Flåten-  
Fjeldstad, Nathalie Solberg Kvalvik,  
Astrid Fjeldstad Eikanger, Martine  
Oliversen, Olivia Stølsnes Helle, Tuva  
Heggholmen Loftås, Johanne Hatten



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar

- Koldtbord
- Koldttallerken

**Rong Catering a/s**  
Tlf. 9185 6258

Vi formidler blomster til innland og utland



**INTERFLORA**

**Blomsterbua**  
RONG senter  
Telefon : 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravesbyrå på Sotra.  
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjernet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )



*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Din lokale elektriker!

**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
Tlf. 400 30 210  
vestgarelektro.no  
vestgar@thunestvedt.no

*Fag Revisjon as*

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf. 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

**Torsvik**  
ELEKTRO

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



**BLOM**  
**SERVISESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
Godkjent bilverksted




**SPAR**

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten  
Velsmakende varmmat  
Fristende frukt og grønt  
Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten    toto    trumf    Bank i butikk    SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

*Asane* DØGNÅPEN TELEFON  
BEGRAVELSESBYRÅ 55 18 90 00

OMSORG VED LIVETS SLUTT

WWW.ASANEBEGRAVELSE.NO  
BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05 | HILDESBLMSTER.NO  
VI LEVERER BLOMSTER FRAKTFRI TTIL  
ALLE VÅRE SEREMONIER



Kjøp kjapt,  
trygt  
og billig

**KIWI** mini  
pris

Ved Rong senter  
Tlf. 56 38 71 20  
Mandag – lørdag  
kl. 07.00–23.00



**NORGESHUS**  
Øygarden

Telefon: 56 38 28 00 - Pålset 2, 5337 Rong  
e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)  
[www.norgeshusoygarden.no](http://www.norgeshusoygarden.no)

**Montér**

Øygarden Byggsenter AS

Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,  
lørd 09.00-14.00

**PH**  
ÆDER

SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

Ønsker du  
sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

**Øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)



Vidar Vik Torsvik  
murmester

Dalekletten 44  
5337 Rong

**TORSVIK MUR**

Alt i mur, puss og flisearbeid.  
Rehabilitering/fornyning av  
gamle skorsteiner/piper

Telefon: 91 16 83 75 E-post: [vidart1962@gmail.com](mailto:vidart1962@gmail.com)

TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?

KIRKENS  
**SOS**  
22 40 00 40

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg N
  - Nybygg I
  - Rehabilitering
  - Montering og utleige av brakker
- ormann 958 19 905  
ngvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø





## SMÅPRAT med noko attåt

Kva er no dette?

Vi ønsker å invitere deg til ei uformell samling på kyrkjekontoret på Rong, tre tysdagar i haust.

12. september – 10. oktober – 7. november kl.18.30-20.30.


Tanken vår er at her er det plass for alle. For deg som ønsker å sitte og prate, og for deg som vil strikke, hekle eller gjere andre hobbyar.

Vi har eit ønske og ein plan om at dette skal leie oss fram til ein felles basar 9. april 2024. På basaren skal pengane vi får inn gå uavkorta til å fylle opp i potten der vi lønner ein ungdomsarbeidar i Hjelme og Blomvåg sokn.

På småprat er det ingen krav om å stille med verken det eine eller andre. Kom som du er og det er nok for fellesskapet. Kveldane blir med låge skuldre. Det blir servert te og kjeks og det blir kanskje ei lita utlodding og nokon enkle kveldstankar som avslutning på samværet.

Håpar vi ser deg! Om du lurar på noko kan du kontakte diakon Ellen Ebbesvik på tlf. 924 42 881.

*Diakoniutvalet for Blomvåg og Hjelme sokn*



### Song- og salmekveldar kl. 19 i Hjelme kyrkje

Ein tysdag i månaden syng vi kjente og ukjente songar og salmar saman. Det blir pause med litt kaffi, te og frukt.

19. september  
17. oktober  
14. november  
12. desember

### Formiddagstreff kl. 12 i Hjelme kyrkje

Vi har det triveleg ilag ein torsdag i månaden. Det blir middag, song, andakt, og underholdning.

7. september  
5. oktober  
2. november  
7. desember - NB. Denne dagen blir det Adventsfest på kvelden kl.18.00

## Lars Arne Vik er ny prest i Sund



I februar vart Lars Arne Vik (58) innsett som ny sokneprest i Sund. Han har Sund og Kausland kyrkjer som sin primære arbeidsplass. Lars Arne Vik har vore sokneprest i Øystese og Ålvik kyrkjer i Kvam i 12 år før han no vender heim att til Øygarden. Han har busett seg i Knappen/ Vik der han er oppvaksen.



## Prest frå Nordre Sæle

Ellen Sæle Hansen vart ordinert til prest i Bragernes kyrkje. Ho er tilsett som sokneprest i Lommedalen kyrkje. Ellen er 50 år og er vakse opp på Nordre Sæle i Øygarden.





## Velkommen til GUDSTENESTE!

### SØNDAG 11. JUNI

Friluftsgudsteneste i Gløvro ved Espen Tveten. Kjekt opplegg for både små og store. Avgang frå parkeringa ved gravplassen kl. 10.30

### SØNDAG 18. JUNI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje ved Egil Morland kl. 11.00. Offer til LAGET.

### SØNDAG 25. JUNI

Kveldsgudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 18.00 ved Knut Kaldestad. Offer til KRIK.

### SØNDAG 2. JULI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Lars Arne Vik. Offer til Venskapskyrkja på Cuba.

### SØNDAG 23. JULI

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Kjell-Asle Børnes. Offer til P7 Kristen riksradio.

### SØNDAG 30. JULI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Offer til NLA-høgskulen.

### SØNDAG 6. AUGUST

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### SØNDAG 13. AUGUST

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Jan Tommy Fosse. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### SØNDAG 20. AUGUST

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Knut Kaldestad. Offer til Misjon uten grenser.

### SØNDAG 27. AUGUST

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Offer til KRIK.

### SØNDAG 3. SEPTEMBER

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Presentasjon av dei nye konfirmantane. Offer til ungdomsklubben Refuel.

### SØNDAG 10. SEPTEMBER

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Presentasjon av dei nye konfirmantane. Offer til Misjon uten grenser.



## LIVETS GANG

### DØYPTTE

#### Blomvåg

- Petter Hamsund
- Marlon Bjøro Didriksen
- Ariel Dale Isaker
- Amalie Kleppstø Thorbjørnsen
- Hedda Dale
- Emre Korsby Torsvik
- Amaya Helèn Storemark Hellesund
- Abel Emiil Torsvik Landro

#### Hjelme

- Joel Sandøy Kjenes

### VIGDE

- Gina Rytter og Jarle André Hagen

### DØDE

#### Blomvåg

- Ruth Gudrun Flåten f. 1933
- Liv Hitsøy f. 1953
- Alf Harald Hammer f. 1951
- Svanhild Johanne Oen Torsvik f. 1948
- Elfrid Rong, f.1952

#### Hjelme

- Tom-André Elvsaas f. 1979
- Berit Tordis Bakken f. 1940
- Roald Johan Renså f. 1928
- Ingrid Konstanse Svellingen f. 1926
- Marta Magdalen Sæle f.1923

Endringar kan komme. Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre:

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)



### Liste over bibeltimar

#### Nautnes bedehus hausten 2023

Torsdag 31. august kl. 19  
ved Knut Kaldestad


Torsdag 28. september kl. 19  
ved Johnn Hardang

Torsdag 26. oktober kl. 19  
ved Asle Hetlebakke

Torsdag 30. november kl. 19  
ved Arnfinn Norheim

Du kan også lese  
om kyrkja si  
verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



# Helgelandsbuketten frå Øygarden

I fleire år har mange ungdomar frå Øygarden reist til Helgeland Folkehøgskule. Skuleåret 22/23 var det ekstra mange som har vore elev ved skulen.

–Skulen tilbyr fleire veker utanlands turar som til Israel og Uganda. Dette har vore lærerike turar over fleire veker, seier Emma Oline. –Naturen på Helgelandskysten med høge fjell og mykje snø om vinteren er fasinerande.



Bak frå venstre: Eskil Kornelius Sjøstrøm, Elias Solsvik,  
Framme frå venstre: Michelle Sanden Bergstrøm, Maria Solsvik,  
Ida Fløisand-Hansen, Suzanne Mari Rommetveit, Emma Oline Vik  
Dunsæd, Miriam Sandøy

Foto: Emma Oline Vik Dunsæd  
Tekst: OVik

## 17. mai i Hjelme gamle kyrkje

For andre år på rad gjekk 17. mai-toget frå Sælekrysset til Hjelme gamle kyrkje nord i kommunen. Mange møtte opp og var med. Ved gamlekyrkja var det først kransenedlegging og deretter gudsteneste.



Marita Harkestad Oen heldt tale ved minnesmerke.

Foto: Karen Stølsnes Helle